Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 68.

Fylke: Aust-Agder.

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Gjövdal.

Emne: Bålbrenning på visse dagar.

Bygdelag: —

Oppskr. av: Anne K. Askland.

Gard: Askland.

(adresse): Gjövdal.

G.nr. 20 Br.nr. 10.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. og i samtale med fl.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Bålet heiter i vår bygd for bål – eller varme.
2. Vi veit ikkje om andre dagar en jonsok at dei brenna bål – då seier vi ikkje noko anna.
Men ein varme i det fri – seier vi å gjere opp varme! (Koffe varme)
3 Er varmen stor blir det eit heilt bål.
Ein stor varme av all slag rask og filleskap – som lauvris, granbar, skarflisar, bork o.a.
Kalla dei gamle for å „brenna kåser."

Tida.

4. Ingen minnest eller har höyrt at dei brende bål ute i jolehelgi, av serskild ved.
5. Ikkje heller jolelåg.
6 Eller påskehelgi.
7. Når dei sag på soldansen gjorde dei nok opp varme for å „vörme seg – og „sjoe" Koffe.

14131

8. Men jonsokkvelden elder me, brenner bål.
Ikkje pinse afta, syftesokkvelden eller Olsokkvelden.
9. Eg har ikkje høyrt gjete stølseld; men eg veit, dei gamle brende „nautskjenor" (fjorgamle kukaker) når dei kom til støls. Det skullo vera godt for å halda ormen burte.
At dei dreiv kyrne gjenom røyk har vi aldri høyrt gjete.
Men at dei gjorde opp varme på stølsvollen mot ruggje — når krøtri var i „kvi", var nok vanleg — alså om kvelden — eller natta.
11. Gamle folk i dag visste ikkje av jonsokbål i sin ungdom. Det er alså noko nyare — og har kome frå byane. I min ungdom brende vi alltid bål — dagen før (på afta)
12. Når det tok til å „skymast" og mykje varf for fole tende vi på. Og vi brendt det gjerne vestlike til yver midnatt.
14. Staden.
I vår bygd brenner vi gjerne jonsokbål i øvre bygdi, på „Mosvald" og i ytre bygdi på „Skansen".
Det er romslege plassar og godt tilgjenge på vatn.
17. Brende dei bål ved kviene heitte det nok „buéld", for dei gamle sa buet (bøyet) og fenåren (saui)

14131

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Dei som steller med bålet.

18 Det er ungdomen og born som brenner bål, ~~og born~~.

20 Og soleis er det også no.

21. Det er også foreiningar som står for jonsok moroa.

Korleis dei byggde bålet.

Bålet vart laga av allslag ved dei kunne få tak på. Men tyri-stuvar var det flåttaste. Dei gav mykje eld og mykje røyk og var drygge å brenna på.

23. Steinlegging og jonsok kallar kjenner vi ikkje til. Og ikkje brann skatt!.

Korleis bålet skulle vere.

32 Det var gjort å ha stort bål, og gildt når det lyste med stor flamme. Og dei la gjerne rådt grankar på for å få det til å ryke bra — og so sa vi: „Røyke, røyke gå i frå meg — og gå til den som falske e." Slo då røyken yver til ein annan kant vart det lått.

35 Ein og annan gapen kunne kara i eldmørga — for å få gneiste-regn.

Kva bålet skulle tena til. —

Vi brende jonsokbål og festa fordi det var den lysaste natta i året. Om røyken skulle verna dyri veit eg ikkje. Og ingen veit om at det vart kasta brandar.

39. Inne kunne dei ta varsel av gneistane på t. d. gryta. Når gneistane sprang og levde ~~på~~ i sotet på gryta

14131

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

var det brurferd. (alsĺ brudlaups)
Andre sa, at det varf sladra på dei.
Og når dit tait og mol i råd ved – sa
dei at det vart tala vondt om dei.
(Men dette var alså inne).

Sjølve festen ved bålet –

40 Kalla vi jonsok moro – og den
vorde som regel til yver midnatt
Dei hadde niste med, Koka Kaffe
og Kosa seg.

44. Moroa skifte etter kven det var
som skipa til. Sume hadde små-
leikar andre dans – ved bålet.

45 Gutane hadde gjerne moro av å
hoppa yver nedbrende bål. Og
ungane tykte det var moro å
springa gjenom røyken.

47. Ingen gøymde kol frå bålet.

Skikken i dag.

Ikek minner ikkje anna om
bålbrenning i dag – en at det e
ein gomal skikk so ungdomen får
vere i lag.

50 Skikken har halde seg likt; men
heller minka fordi framkomsti
e so god. Mange tek bilen og
køyrer til andre bygder – eller byar
der det e meir moro.

Gjøvdal 5/11 – 58.
Anne K. Åsland.
f. 3/3 – 1905.
(husmor)

14131
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING